



## VOSSKULTURRÅD

«Dei tre hovudoppgåvene til Voss kulturråd er å styrkja samarbeidet mellom alle frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturområdet i Voss kommune, vera eit felles talerøyr for det frivillige kulturlivet, og å arbeida for å betra rammevilkåra for det frivillige kulturarbeidet i kommunen.»

### ÅRSMELDING 2018

Styret i Voss kulturråd var i meldingsåret samansett slik:

Styreleiar:	Øystein Dahl	Voss musikklag
Styremedlem:	Valborg Kløve-Graue Peder Ringdal Terje Nesthus Anne Arneberg	Lesehug Orkesteret Fossegrimen Vossa Jazz Kulturverkstaden Magasinet
Varafolk:	Laila Rynning Veum Grete Skarpeid	Bergslistiftinga d'kor
Valkomité:	Bridget Penny Trond Remme Lars Mossefinn	
Revisor	Margunn Blikberg Nordgård	

Styremedlem Terje Nesthus måtte av helsemessige grunnar trekka seg frå vervet i september, og Laila Rynning Veum har sidan fungert som fast møtande vara.

Voss kulturråd har for tida 40 medlemslag og -organisasjonar.

## KULTURRÅDET SITT ARBEID 2018

Styret hadde 11 ordinære møte i løpet av meldingsåret, i tillegg til sitt årlege fellesmøte med Voss musikkråd den 26. juni 2018.

14. februar 2019 deltok tre styremedlem på eit møte om kommunesamanslåinga med Trude Letnes, Alexander Røystrand og Olav Seim frå Granvin, samt Thor Morten Trå frå Voss kommune.

Eit styremedlem representerte Voss kulturråd i Voss Sparebank sin fest i høve 175-årsjubileet.

### Logo

Voss kulturråd fekk seg i 2018 ein logo, laga av Per Finne, som no nyttast på heimesida vår, på facebook og i alle skriv.

### Gamlekinoen

Valborg Kløve-Graue og Peder Ringdal er Voss kulturråd sine representantar i arbeidsgruppa for oppussinga av Gamlekinoen. Gruppa har hatt tre møter dette året, og har arbeidd spesielt med kinovestibylene.

### Voss kulturkalender

vart lansert på årsmøtet i mars 2018. I slutten av april mista den dei automatiske oppdateringane frå Facebook, grunna Cambridge Analytica-skandalen. Kalenderen kan framleis henta ut alle arrangement frå kulturhuset og gamlekinoen automatisk, men alle andre arrangement må leggjast inn manuelt. I haust vart kalenderen oppgradert for å gjera det endå lettare for kulturlivet å leggja inn arrangementa sine sjølv. Kalenderen fungerer no svært godt. Kalenderredaksjonen har bestått av systemutviklar Terje Nesthus, Øystein Dahl og Anne Arneberg får kulturrådet, samt Thor Morten Trå (Voss kommune).

### Kulturminneplanen

skal etter planen reviderast, men arbeidet har ikkje vore prioritert frå kommuneadministrasjonen si side dette meldingsåret. Valborg Kløve-Graue er Voss kulturråd sin representant i denne arbeidsgruppa.

### Elles

Voss kulturråd har gitt sine årlege tilrådingar i tildeling av kommunale kulturmidlar (mars og oktober), kulturpris (desember) og kulturstipend (mai).

Rådet har óg engasjert seg i diskusjonen rundt plasseringa av minnesmerket over Spelemannen Ola Mosafinn og gamle ridande Vossabrudlaup.

Øystein Dahl  
styreleiar

Valborg Kløve-Graue  
nestleiar

Peder Ringdal  
kasserar

Laila R. Veum  
Styremedlem

Anne Arneberg  
skrivar